

Soknerådet ber om ro rundt presten

I eit vedtak uttrykkjer Ostereidet sokneråd støtte til sokneprest Vilhelm Overå.

KJERSTI MJØR
kjersti.mjor@bt.no

Ostereidet sokneråd har registrert at det er store spenningar i kyrkjelyden, som følgje av konflikten som har bygd seg opp dei siste åra. Situasjonen er vond og vanskeleg, og slit på begge sider av konfliktlinjene, heiter det i vedtaket i juni i år.

Etter soknerådet sitt syn er det viktig å få ro rundt sokneprest Vilhelm Overå si stilling. Soknerådet skriv at presten nyt stor tillit hjå ein stor del av kyrkjelyden, og at mange set pris på «dei gode gudstenestene hans».

I vedtaket, som vart gjort mot to røyster, uttrykkjer soknerådet støtte til Overå og hans utøving av prestegjerninga.

– Ømfintleg sak

Men ettersom nokre i kyrkjelyden har problem med å gå til gudstenestene til Overå, støttar soknerådet at ein annan prest i ein overgangsperiode har gudstener i Ostereidet kyrkje.

– Dette er ei ordning som til ein viss grad alt er i bruk, står det i vedtaket.

Gunn Andersen Rusten stilte til val som brubyggar i soknet, og har vore leiar i soknerådet sidan november 2009. Ho har ingen fasitsvar som kan løyse konflikten.

– Det viktigaste no er å skape dialog mellom soknemedlemmene, og bidra til å finne gode løysingar både for soknepresten og frivillige i kyrkja.

Prost i soknerådet

– Prosten i Nordhordland har vore til stades på alle møte i det nye soknerådet, der du er leiar. Korleis opplever du det?

– Det er jo litt spesielt. Det er nok eit uttrykk for at kyrkjeleiringa vil følgje med på det som skjer i eit sokn der det har spissa seg til. Veljer prosten å prioritere dette, er han velkommen til å delta.

– Kva tenkjer du om at Arbeidstilsynet er kopla inn i konflikten?

– Eg er positiv til at tilsynet er kopla inn, og har von om at dette



HAR TILLIT: Mot to røyster uttaler soknerådet at dei har tillit til sokneprest Vilhelm Overå og hans utøving av prestegjerninga. Overå står midt i ein langvarig konflikt kring Ostereidet kyrkje.

FOTO: ODD MEHUS

fakta

dette er saka

- Ein langvarig konflikt med opphav i samarbeidsproblem i Ostereidet kyrkje har ført til at fleire soknemedlemmar ikkje vil gå til sokneprest Vilhelm Overå sine gudstenester.
- Stiftsdirektøren i Bjørgvin bispedømme karakteriserer konflikten som svært alvorleg.
- Arbeidstilsynet har gitt bispedømmekontoret ein frist til 3. september på å løye striden.

kan bidra til å betre arbeidstilhøva for dei involverte.

– Tragisk konflikt

Harald Sundsbø, verneombod for

prestane i Nordhordland prosti, kallar striden «ein tragisk konflikt», som har fått utvikle seg over tid.

– Bispekontoret har ønskt å løye saka ved å flytta på arbeidstakaren. Men det har ikke skjedd, og saka er blitt meir og meir fastlåst, seier Sundsbø.

– Kva handlar saka om etter ditt syn?

– I utgangspunktet var det ein konflikt både mellom dei tilsette, og mellom tilsette og soknerådet. Men det er også mange andre involverte.

– Kven tenkjer du på?

– Mellom anna støttegruppa til soknepresten, og grupperingar som har vanskar med å forhalde seg til presten.

– Soknepresten meiner at arbeidsgjeveren valde side fra første dag. Kva er din kommentar til det?

– Det opplever nok eg og Ting kunne vere handtert annleis, særleg i startfasen, svarar verneombodet.

– Uenighet om teologi

Presten får full oppbakking fra fagforeningen sin.

TROND OLAV SKRUNES

Leder i LO-forbundet Teologene, Heinke Foertsch, kommer med kraftig kritikk av biskopens håndtering av konflikten i Ostereidet kyrkje.

– Jeg mener biskopen driver med mobbing og trakkassering. Det presser på fra bispedømmekontoret for å få Overå vekk, selv om han ikke har gjort seg skyldig i noe som helst, sier Foertsch, som mener at både biskop og kirkeverge har bidratt til en splitselse.

– Måten dette er forsøkt løst har bidratt til at konflikten har vokst. Dette er et ledelsespro-

blem i Bjørgvin.

Foertsch mener at problemene skyldes uenighet om teologi, og at Overå står for en inkluderende folkekirke. Dette mener fagforeningslederen har felt konservative krefter tungt for brystet.

– Det er noen få som er misfornøyde med presten, men han har stor støtte i lokalsamfunnet. Forrige soknerådsvalet var et rent protestvalg. Valgdaletakelsen var rekordhøg, og det skyldes at folk ville stille seg bak presten.

Fagforbundet teologene har egen advokat på saken. Foertsch mener belastningen for Overå har vært uholdbar over flere år.

– At han har klart å stå igjenom dette, skyldes støtten han har fått fra lokalmiljøet.

Ikkje tilfredse med konflikthandtering

4 av 10 prestar i Bjørgvin bispedømme er misnøgde med måten arbeidsgjeveren handterer konfliktar på.

I 2009 gav Stiftelsen kyrkjeforskning (KIFO) ut rapporten «Prest i Bjørgvin» om arbeidsforholda til prestane i bispedømmet. Rapporten kom i fjor, og 130 prestar hadde svart på spøreskjemaet.

■ 36 prosent av prestane opplyste at dei er i interessekonflikt

- 20 prosent at dei er i personkonflikt med nokon på arbeidsplassen.

KIFO-forskar Ida Marie Høeg opplyser at desse tala følgjer landsgjennomsnittet for prestar elles i landet.

I Bjørgvin er førekomensten av interessekonfliktar størst blant prestar mellom 40 og 59 år. Også når det gjeld personkonfliktar er denne aldersgruppa involvert i største grad.

Der det er konfliktar, opplever ein del at arbeidsgjeveren ikkje handterer situasjonen på ein god nok måte. Av dei som svarte på spørsmål om korleis dei opplever at arbeidsgjeveren har handtert konfliktar, svarar godt og vel fire av ti av dei er misnøgde.

Tre av fire Bjørgvin-prestar triest med arbeidssoppgåvane. Men mange opplever at arbeidspresset er stort.



Eiendomskreditt
Eies av sparebanker



**Huseiernes
Landsforbund**

Boliglån
Nominell rente
3,25%

*3,29% effektivt
(Kr 2 mill, 1. prioritet, 60%)

www.eiendomskreditt.no • Tlf: 55 33 27 00

DYKKERULYKKE: Den 17 år gamle fridykken som ble meldt savnet etter et dykk ved Bergsøya i Møre og Romsdal onsdag, er funnet omkommet. Ifølgje Hovedredningssentralen Sør-Norge var det to fridykere som dykket sammen, da en av dem aldri kom opp igjen onsdag. Den 17 år gamle gutten fra Kristiansund ble funnet på nordøstsiden av Bergsøya, der han ble meldt savnet. NTB